



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/1945 - 23/21196

Saksbehandlar:

Therese Lyngbo Iversen

therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:

25.09.2023

Oversending av dispensasjonsvedtak til klagevurdering - Gbnr 102/11 Byrkjeland - Søknad om dispensasjon for riving av delar av bygg og oppføring av nytt tilbygg

Tiltak: Riving av delar av bygg og oppføring av nytt tilbygg
Eigedom: Gbnr: 102/11
Tiltakshavar: Jørn Ahmer
Ansvarleg søker: Helge Rød As

Saka gjeld søknad om riving av delar av bygg og oppføring av nytt tilbygg til eksisterande næringsbygg på gnr. 102 bnr. 11.

Nytt bygd areal (BYA) er opplyst til å vere 96,2 m². Nytt samla BYA er opplyst til å vere 636,2 m².
Utnyttingsgrad er opplyst til 70,40 % BYA.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA.

Handsaming

Saka vart handsama av Osterøy kommune den 22.09.2023 saknr. 263/23, der følgjande vedtak vart fatta:

"Kommunen gjev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanens arealdel føresegn 5.1, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a og kravet til utnyttingsgrad i føresegn 1.5, jf. plan- og bygningslova § 11-9 nr. 5 til riving av delar av bygg og oppføring av nytt tilbygg til eksisterande næringsbygg på gnr. 102 bnr. 11, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

Post

post@osteroy.kommune.no
Postboks 1
5293 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Therese Lyngbo Iversen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gbnr 102/11 Byrkjeland - Søknad om riving av delar av bygg og oppføring av tilbygg - Vedtak
3_KORR_Annet_Reviderte opplysninger om planstatus og areal.pdf
3_KART_Situasjonsplan_A10-01 Situasjonsplan _ Layout.pdf
102/11 - Søknad om riving av deler av bygg - og opprette nytt tilbygg
4_SØK-DISP_Dispensasjonssoeknad_Søk om dispensasjon fra byggegrense _ Statens vegvesen.pdf
8_TEGN_TegningEksisterendeFasade_Bileter eksisterande bygg.pdf
9_TEGN_TegningNyFasade_A40-01 Fasade 1 og 2 _ Layout.pdf
10_TEGN_TegningNyPlan_A20-01 Plan 1. etg. _ Layout.pdf
11_TEGN_TegningNyttSnitt_A40-02 Fasade 3 og snitt A-A _ Layout.pdf
102-11 Ortofoto 1-500
102-11 Plan 1-500
102-11 Plan 1-1000
102-11 Ortofoto 1-1000

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER